



Konfirmantkullet etter gudstenesta

I dag har Uskedalen hatt ein konfirmasjons-sundag av dei sjeldne. Ikkje berre var veret strålande og nærmast sommarleg, kyrkja var og fylt til siste plass - det betyr at kyrkjelyden var på 240 medlemmar. Prosten frå Stord, Svein Arne Theodorsen, hadde ansvaret for gudstenesta som vikar for sokneprest Lina Håland som framleis er sjukemeld. Kantor Eva Megyesi gjorde som vanleg teneste på orgelkrakken.

Presten heldt ei varm og god preike, og det var god ofrng til kyrkjelydsarbeidet.

Det har vore 11 konfirmantar dette året: Mia Storevik Myklebust, Simon Taranger, Tina Bakke Eik. Harald Myklebust Lekva, Emilie Bringedal, Ingeborg Huse Bjørnebøle, Sunniva Erslund Myklebust, Anne Zofia Fonn, Sander Seim Myklebust, Stine Soldal og Jaran Jensen Eide.

Kullet var dermed noko mindre enn det har vore i dei seinare åra, men det er erfaringsmessig noko større ettersom det har vore heilt nede i 4 eit år, påpeikar tidlegare soknerådsleiar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Konfirmantane saman med prosten